
Saksnr: 2020/52473-20
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2021

Avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS - vurdering av kjøpstilbod frå dei andre eigarkommunane

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune tek imot tilbodet frå dei andre eigarkommunane om å kjøpe fylkeskommunen sine 768 aksjar i Lutelandet Utvikling AS til pålydande verdi (1000 kr per aksje).
2. Aksjane vert fordelt slik på kommunane: Fjaler kommune kjøper 320 aksjar, Askvoll kommune kjøper 180 aksjar, Hyllestad kommune kjøper 180 aksjar og Solund kommune kjøper 88 aksjar.
3. Salsutbyttet, til saman 768 000 kr minus eventuelle omsetningskostnader, skal setjast av til ubundne fond, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

Samandrag

I sak 138/20 (eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020) bad fylkestinget fylkeskommunedirektøren starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS.

Fylkeskommunedirektøren kontakta selskapet og dei andre eigarane om saka i januar, og 25.03.21 vart det gjennomført eigarmøte med dette som tema.

Etter ein formell førespurnad frå fylkeskommunedirektøren, der det vart formidla at fylkeskommunen ville vurdere tilbod om kjøp til pålydande verdi (1000 kr per aksje), har kommunane blitt samde om ei fordeling seg imellom og kome med tilbod om kjøp av aksjane til pålydande verdi.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak 138/20 (eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020) bad fylkestinget fylkeskommunedirektøren starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS.

Fylkeskommunen eig 768 aksjar i selskapet, noko som utgjer 48 % av aksjane. Aksjane sin pålydande verdi er til saman 768 000 kr. Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %) («eigarkommunane»).

Fylkeskommunedirektøren kontakta selskapet og eigarkommunane i januar, og 25.03.21 vart det gjennomført eigarmøte med avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap som tema. I møtet vart deltakarane samde om at fylkeskommunen skulle rette ein formell førespurnad til eigarkommunane, og at denne skulle innehalde ei prisantydning, men med atterhald om at den endelege salssummen skulle handsamast politisk i fylkeskommunen.

Den 07.04.21 gjekk formell kjøpsførespurnad ut til dei andre eigarkommunane. I brevet skreiv fylkeskommunedirektøren at fylkeskommunen ville vurdere tilbod basert på aksjane sin pålydande verdi.

Eigarkommunane handsama saka politisk i løpet av juni månad. Den 29.07.21 fekk fylkeskommunen attendemelding om at eigarkommunane var samde om fordeling av fylkeskommunen sin aksjepost, og at kommunane sine avgjerder om kjøp er basert på at dei får kjøpt aksjane til pålydande verdi. Fjaler kommune ønskjer å kjøpe 320, Askvoll kommune 180, Hyllestad kommune 180 og Solund kommune 88 aksjar. Dette utgjer til saman heile fylkeskommunen sin aksjepost.

Etter eit gjennomført sal vil Fjaler kommune ha 54 % av aksjane, Askvoll og Hyllestad kommunar vil kvar ha 17,25 % av aksjane og Solund kommune vil ha 11.5 % av aksjane.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet tek avgjerd i enkeltsaker om sal og kjøp av aksjar innafor ei ramme på 2 mill. kr, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1. Salsutbyttet skal setjast av til ubundne fond, jf. same punkt.

Vurderingar og verknader

Pålydande verdi på fylkeskommunen sine aksjar er til saman 768 000 kr.

Selskapet har ein sterk eigenkapital som i hovudsak kjem frå verdien på aksjane i dotterselskapet Lutelandet Eigedom AS, som er bokført til om lag 34,8 mill. kr. Dei underliggande verdiane i selskapet, inkludert verdiane i dotterselskapet, tilseier at aksjane sin matematiske verdi er høgare enn aksjane sin pålydande verdi.

Selskapsvedtektene § 11 set grenser for omsetning av aksjane i selskapet. Føresegna har følgjande ordlyd:

«Aksjane kan generelt ikkje overdragast til andre. Unntak gjeld for overdraging til andre eigarar som alt eig aksjar i selskapet.»

Sidan vedtektene avgrensar korleis aksjane kan omsettast, vil dette også avgrense aksjane sin reelle verdi, all den tid eit sal er avhengig av at dei andre eigarane vil kjøpe.

Det finst alternative framgangsmåtar for avvikling av eigarskapen, t.d. ved at selskapet sjølv kjøper aksjar, nedsetting av kapitalen i selskapet, å krevje tvangsinnløysing av aksjane eller tvangsoppløysing av selskapet. Utfallet av slike prosessar er uvisst.

Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen har vore næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptretr som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse. Føremålet har ikkje vore finansiell avkastning eller vinst. Fylkeskommunedirektøren er tilfreds med at dei andre aksjonærane ønskjer å overta fylkeskommunen sine aksjar til pålydande, og meiner dette er ei god løysing både for selskapet og for fylkeskommunen.

For meir informasjon om selskapet, og grunngjevinga for at fylkeskommunen ønskjer å selje seg ut, sjå eigarskapsmeldinga 2020 s. 68-71: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/fylkesadministrasjon-og-okonomi/eigarskapsmeldinga-2020.pdf>

Økonomi: Salsutbyttet, til saman 768 000 kr minus eventuelle omsetningskostnader, skal setjast av til ubundne fond, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1. Selskapet har ikkje hatt til føremål å gje utbyte til eigarane, og salet vil derfor ikkje medføre tap av framtidige inntekter.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje direkte aktuelt.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår at Vestland fylkeskommune tek imot tilbodet frå dei andre eigarane om å kjøpe fylkeskommunen sine 768 aksjar i Lutelandet Utvikling AS til pålydande verdi (1000 kr per aksje).